



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1266 - 19/29439

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:
03.10.2019

Oversending av vedtak til klagevurdering - gbnr 83/3 Spjotøy

Tiltak: flytebrygge
Byggjestad: Gbnr: 83/3
Tiltakshavar: Lindås Slusene

Saka gjeld søknad om utlegging av ei flytebrygge på 25 x 2,5 meter i området rundt Lindås sjøsluser. Det er søkt om dispensasjon for ein periode på 5 år. Tiltaket ligg tett opp i mot kulturminnet Lindås sjøsluser. Tiltaket er meint for å hjelpe tilkomsten til sjøslusene når ein kjem sjøvegen. Sjå vedlagt søknad.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er definert som Friluftsområde F4. Vidare ligg tiltaket i omsynssona for Lindås sjøsluse (H_530_K/F), samt i område for Gyttefelt torsk i følgje kart hos Fiskeridirektoratet.

Tiltaket er avhengig av dispensasjon for plankravet i § 5.6.

Politisk handsaming

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 18.09.19, der følgjande vedtak vart fatta:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve mellombels dispensasjon frå plankravet i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden § 5.6 for etablering av flytebrygge. Dispensasjonen er gyldig i 5 år i frå vedtaksdato.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.



Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Eirik Berntsen på e-post eirik.berntsen@lindas.kommune.no eller på telefon 56375636.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eirik Berntsen
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Mellombels dispensasjon for etablering av flytebrygge til Lindås Sjøsluser - gbnr 83/3 Spjotøy

Søknad om mellombels flytebrygge Lindås Slusene

Søknad om brygge Lindås Slusene 25.04.2019

Søknad om flytebrygge Lindås Slusene

Søknad om brygge Lindås Slusene 27.04.2019

Dokumentasjon for bryggeplassering Lindås Slusene

Situasjonskart gbnr 83/3

Oversender søknad om dispensasjon frå plankrav for etablering av flytebrygge til uttale - gbnr 83/3 Spjotøy

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER